



**SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE**

**Fylkesrådmannen**

**Sakshandsamar:**

Annlaug Helene Kjelstad  
E-post: Annlaug.Helene.Kjelstad@sfj.no  
Tlf.: 99456724

**Vår ref.**

Sak nr.: 15/12331-4  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

33119/16

**Dykkar ref.**

**Dato**

LEIKANGER, 03.10.2016

Det Kongelige Kommunal- og moderniseringsdept.  
Postboks 8112 Dep.

0032 OSLO

## **Innspel til Stortingsmelding om bærekraftige byer og sterke distrikter**

Med dette brevet følger Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt innspel til kommande Stortingsmelding, både i form av saksutgreiing og protokoll frå handsaminga av sak 96/16 i Fylkesutvalet 28. september.

Med helsing

Synnøve Stalheim  
plansjef

Annlaug Helene Kjelstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

### Vedlegg:

Saksutgreiing - Innspel til stortingsmelding  
Protokoll frå fylkesutvalet – Innspel til stortingsmelding

### Mottakar (ar)

Det Kongelige Kommunal- og moderniseringsdept. Postboks 8112 Dep. 0032 OSLO

### Kopi til:

Besøksadresse:

Fylkeshuset

Postadresse:

Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

E-post:

post@sfj.no  
Heimeside:  
www.sfj.no

Telefon:

57638000

Bankgiro:

4212 02 02000  
Org.nr :  
NO 941 388 841 MVA

Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 Leikanger  
NORWAY

47

Det Kongelige Kommunal- og moderniseringsdept.  
Postboks 8112 Dep.  
0032 OSLO  
NO

### **Innspel til Stortingsmelding om bærekraftige byer og sterke distrikter**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har starta med å sende ut post digitalt, i tråd med regjeringa sitt digitaliseringsprogram.

Posten vi sender til deg blir sendt til meldingsboksen din i Altinn, og til Digipost eller eBoks når du vel digital postkasse.

Dokument som ikkje er opna i Altinn innan to verkedagar blir sendt på papir i posten.

Digitalt førsteval er raskare, tryggare og sparar miljøet!

Med helsing  
Sogn og Fjordane fylkeskommune

## **Saksprotokoll**

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 28.09.2016

**Sak nr.:** 15/12331-3  
**Internt l.nr.** 32730/16

**Sak:** 95/16

**Tittel:** **Innspel til Stortingsmelding om bærekraftige byer og sterke distrikter**

**Behandling:**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylke har særlege utfordringar i det å bygge sterke distrikt slik meldinga legg opp til. Meldinga må difor bygge opp under;
  - 1.1. Bygge sterkare og meir attraktive bu-, arbeids- og serviceområde som motverkar ei nasjonal sentralisering.
  - 1.2. Skape gode vilkår for berekraftig vekst i næringslivet.
  - 1.3. Skape betre rammevilkår for lokal samfunns- og næringsutvikling i mindre sentrale strøk.
  - 1.4. Utvikle trygge lokalsamfunn med gode tenester til innbyggerane. Verkemidla må vere målretta for å utløyse distrikta og regionane sitt potensiale for berekraftig vekst.
2. Målretta og effektive investeringar, drift og vedlikehald av infrastruktur knytt til transport på land, til sjøs og i lufta, samt breiband/fiber/radio, er nøkkelfaktorar for regionforstørring og styrking av bu-, arbeids- og serviceområde (BAS) i distrikta.
3. Verdiskapingspotensialet og berekraftig vekst i ulike næringar må utviklast ved tilrettelegging frå det offentlege, styring gjennom rammevilkår og tilpassa skatte- og avgiftspolitikkk. I tillegg verkar heilskapleg samfunnsplanlegging, både på regionalt og kommunalt nivå, inn på moglegeheitene til næringslivet. Arbeidsmarknads-, kunnskaps- og næringsregionane må bli større gjennom meir effektiv infrastruktur.
4. Regionen må få ei omstilling til fossilfri økonomi og følgje opp dei nasjonale måla. Utsleppsreduksjon og behov for klimatilpassing bør inkluderast sterkare i alt planarbeid på alle nivå.
5. Eit fleirkulturelt samfunn gjev utfordringar når det gjeld inkludering og deltaking. Kommunane, NAV, lokalt næringsliv og frivillig sektor har utfordringar som for innvandraran generelt handlar om språkopplæring og deltaking i samfunns- og arbeidslivet. Forvaltningsnivåa må arbeide meir målretta og samordna viss inkluderinga skal verte vellukka.
6. Det er kvinneunderskot i distrikta. Offentleg og privat sektor må setje i verk tiltak for å auke distrikta sin attraktivitet generelt, og for den store gruppa med utdanna kvinner som er i arbeidsmarknaden.
7. Samspelet mellom utdanningsfeltet og samfunnet må utviklast slik at det er godt samsvar mellom behov og studieplassar. Finansiering og styring av høgskular og universitet må bidra

til å utvikle betre kopling mellom utdanning og regionalt arbeidsliv. Sogn og Fjordane er eit pilot-fylke for betre kunnskapsgrunnlag og vil gjennom regional plan for kompetanse og arbeidskraft, førebu moglege tiltak for å styrke samhandlinga regionalt.

8. Den statlege lokaliseringspolitikken må nyttast som distriktpolitisk verkemiddel. I eit distrikts-politisk perspektiv må veksten fordelast betre, og vi foreslår ei lokal og regional sentralisering for å motverke den nasjonale sentraliseringa. Slik kan ein også utløyse distrikta sitt potensiale for kunnskaps- og kompetanseutvikling på viktige nasjonale område.
9. Regionreforma og by- og distriktpolitikken bør sjåast i nær samheng. Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar har i eit felles forventingsbrev av 15.03.16 uttalt at vi må få eit tungt ansvar for både utviklingsoppgåver og tenesteproduksjon innan regionreforma.
10. Regionale planstrategiar vil gje eit svært relevant fundament for meldinga, då desse både inneheld hovudutfordringar og strategiar for den enkelte region og er utforma med brei medverknad av regional stat, kommunar og lag/organisasjonar.

### **Endringsframlegg:**

#### Fylkesrådmannen gjorde merksam på ein feil i tilrådinga:

I pkt. 7 står det m.a. «... regional plan for kompetanse og arbeidskraft ...». Det korrekte skal vere « ... regionalt arbeid med kompetansestrategiar ...».

#### Arbeiderpartiet la fram følgjande endringsframlegg:

Forslag til ny tekst punkt 5:

Eit fleirkulturelt samfunn har store verdiar. Samstundes har det utfordringar med inkludering og deltaking. Kommunane, NAV, lokalt næringsliv og frivillig sektor er dei som står nærast dei konkrete utfordringane som for innvandarane ofte handlar om språkopplæring og deltaking i samfunns- og arbeidslivet. Forvaltningsnivåa må arbeide meir målretta og samordna viss inkluderinga skal verte vellukka.

Framlegg til tillegg punkt 9

Ny siste setning: Ein føreset også at det regionale folkevalde nivået framleis skal ha ansvar for vidaregåande opplæring og kollektivtransport.

#### Kristeleg Folkepart kom med følgjande tillegg til punkt 7

...høgskular, universitet og forskingsmiljø...

#### Arbeidarpartiet og Kristeleg Folkeparti la fram forslag om nytt punkt 8:

Den statlege lokaliseringspolitikken må nyttast som distriktpolitisk verkemiddel. I eit distriktpolitisk perspektiv må veksten fordelast betre. Slik kan ein også utløyse distrikta sitt potensiale for kunnskaps- og kompetanseutvikling på viktige nasjonale område.

Offentlege styresmakter må styre energien og marknadskreftene som allereie er til stades i sentrale strok, for å sikre felles verdiar og kraftsamling kring utvikling. Offentlege styresmakter må også la eldsjeler og eldmiljø få friare spelerom i dei mindre sentrale stroka og ikkje å gå i vegen for positiv energi og utviklingskraft.

### **Avrøysting:**

Punkt 1-4 i tilrådinga til fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

Framlegg til nytt punkt 5 vart samrøystes vedteke.

Punkt 6 i tilrådinga til fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

Punkt 7 i tilrådinga til fylkesrådmannen med det tillegg som går fram av endringsforslaget vart samrøystes vedteke.

Framlegg til nytt punkt 8 vart samrøystes vedteke.

Punkt 9, inkludert tillegg som går fram under endringsframlegga, vart samrøystes vedteke.

Punkt 10 i tilrådinga til fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

### **Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylke har særlege utfordringar i det å bygge sterke distrikt slik meldinga legg opp til. Meldinga må difor bygge opp under;
  - 1.1. Bygge sterkare og meir attraktive bu-, arbeids- og serviceområde som motverkar ei nasjonal sentralisering.
  - 1.2. Skape gode vilkår for berekraftig vekst i næringslivet.
  - 1.3. Skape betre rammevilkår for lokal samfunns- og næringsutvikling i mindre sentrale strøk.
  - 1.4. Utvikle trygge lokalsamfunn med gode tenester til innbygarane. Verkemidla må vere målretta for å utløyse distrikta og regionane sitt potensiale for berekraftig vekst.
2. Målretta og effektive investeringar, drift og vedlikehald av infrastruktur knytt til transport på land, til sjøs og i lufta, samt breiband/fiber/radio, er nøkkelfaktorar for regionforstørring og styrking av bu-, arbeids- og serviceområde (BAS) i distrikta.
3. Verdiskapingspotensialet og berekraftig vekst i ulike næringar må utviklast ved tilrettelegging frå det offentlege, styring gjennom rammevilkår og tilpassa skatte- og avgiftspolitik. I tillegg verkar heilskapleg samfunnsplanlegging, både på regionalt og kommunalt nivå, inn på mogelegheitene til næringslivet. Arbeidsmarknads-, kunnskaps- og næringsregionane må bli større gjennom meir effektiv infrastruktur.
4. Regionen må få ei omstilling til fossilfri økonomi og følgje opp dei nasjonale måla. Utsleppsreduksjon og behov for klimatilpassing bør inkluderast sterkare i alt planarbeid på alle nivå.
5. Eit fleirkulturelt samfunn har store verdiar. Samstundes har det utfordringar med inkludering og deltaking. Kommunane, NAV, lokalt næringsliv og frivillig sektor er dei som står nærast dei konkrete utfordringane som for innvandrarane ofte handlar om språkopplæring og deltaking i samfunns- og arbeidslivet. Forvaltningsnivåa må arbeide meir målretta og samordna viss inkluderinga skal verte vellukka.
6. Det er kvinneunderskot i distrikta. Offentleg og privat sektor må setje i verk tiltak for å auke distrikta sin attraktivitet generelt, og for den store gruppa med utdanna kvinner som er i arbeidsmarknaden.
7. Samspelet mellom utdanningsfeltet og samfunnet må utviklast slik at det er godt samsvar mellom behov og studieplassar. Finansiering og styring av høgskular, universitet og forskingsmiljø må bidra til å utvikle betre kopling mellom utdanning og regionalt arbeidsliv. Sogn og Fjordane er eit pilot-fylke for betre kunnskapsgrunnlag og vil gjennom regionalt arbeid med kompetansestrategiar, førebu moglege tiltak for å styrke samhandlinga regionalt.
8. Den statlege lokaliseringspolitikken må nyttast som distriktpolitisk verkemiddel. I eit distriktpolitisk perspektiv må veksten fordelast betre. Slik kan en også utløyse distrikta sitt potensiale for kunnskaps- og kompetanseutvikling på viktige nasjonale område.

Offentlege styresmakter må styre energien og marknadskreftene som allereie er til stades i sentrale strok, for å sikre felles verdiar og kraftsamling kring utvikling. Offentlege styresmakter må også la eldsjeler og eldmiljø få friare spelerom i dei mindre sentrale stroka og ikkje å gå i vegen for positiv energi og utviklingskraft.
9. Regionreforma og by- og distriktpolitikken bør sjåast i nær samanheng. Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar har i eit felles forventingsbrev av 15.03.16 uttalt at vi må få eit tungt ansvar for både utviklingsoppgåver og tenesteproduksjon innan regionreforma.

Ein føreset også at det regionale folkevalde nivået framleis skal ha ansvar for vidaregåande opplæring og kollektivtransport.
10. Regionale planstrategiar vil gje eit svært relevant fundament for meldinga, då desse både inneheld hovudutfordringar og strategiar for den enkelte region og er utforma med brei medverknad av regional stat, kommunar og lag/organisasjonar.

Saksbehandlar: Annlaug Helene Kjelstad, Fylkesrådmannen  
 Sak nr.: 15/12331-2

## **Innspel til Stortingsmelding om bærekraftige byer og sterke distrikter**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylke har særlege utfordringar i det å bygge sterke distrikt slik meldinga legg opp til. Meldinga må difor bygge opp under;
  - 1.1. Bygge sterkare og meir attraktive bu-, arbeids- og serviceområde som motverkar ei nasjonal sentralisering.
  - 1.2. Skape gode vilkår for berekraftig vekst i næringslivet.
  - 1.3. Skape betre rammevilkår for lokal samfunns- og næringsutvikling i mindre sentrale strøk.
  - 1.4. Utvikle trygge lokalsamfunn med gode tenester til innbyggjarane. Verkemidla må vere målretta for å utløyse distrikta og regionane sitt potensiale for berekraftig vekst.
2. Målretta og effektive investeringar, drift og vedlikehald av infrastruktur knytt til transport på land, til sjøs og i lufta, samt breiband/fiber/radio, er nøkkelfaktorar for regionforstørring og styrking av bu-, arbeids- og serviceområde (BAS) i distrikta.
3. Verdiskapingspotensialet og berekraftig vekst i ulike næringar må utviklast ved tilrettelegging frå det offentlege, styring gjennom rammevilkår og tilpassa skatte- og avgiftspolitik. I tillegg verkar heilskapleg samfunnsplanlegging, både på regionalt og kommunalt nivå, inn på mogelegheitene til næringslivet. Arbeidsmarknads-, kunnskaps- og næringsregionane må bli større gjennom meir effektiv infrastruktur.
4. Regionen må få ei omstilling til fossilfri økonomi og følgje opp dei nasjonale måla. Utsleppsreduksjon og behov for klimatilpassing bør inkluderast sterkare i alt planarbeid på alle nivå.
5. Eit fleirkulturelt samfunn gjev utfordringar når det gjeld inkludering og deltaking. Kommunane, NAV, lokalt næringsliv og frivillig sektor har utfordringar som for innvandrarar generelt handlar om språkopplæring og deltaking i samfunns- og arbeidslivet. Forvaltningsnivåa må arbeide meir målretta og samordna viss inkluderinga skal verte vellukka.
6. Det er kvinneunderskot i distrikta. Offentleg og privat sektor må setje i verk tiltak for å auke distrikta sin attraktivitet generelt, og for den store gruppa med utdanna kvinner som er i arbeidsmarknaden.
7. Samspelet mellom utdanningsfeltet og samfunnet må utviklast slik at det er godt samsvar mellom behov og studieplassar. Finansiering og styring av høgskular og universitet må bidra til å utvikle betre kopling mellom utdanning og regionalt arbeidsliv. Sogn og Fjordane er eit pilotfylke for betre kunnskapsgrunnlag og vil gjennom regional plan for kompetanse og arbeidskraft, førebu moglege tiltak for å styrke samhandlinga regionalt.
8. Den statlege lokaliseringspolitikken må nyttast som distriktpolitisk verkemiddel. I eit distriktpolitisk perspektiv må veksten fordelast betre, og vi foreslår ei lokal og regional sentralisering for å motverke den nasjonale sentraliseringa. Slik kan ein også utløyse distrikta sitt potensiale for kunnskaps- og kompetanseutvikling på viktige nasjonale område.
9. Regionreforma og by- og distriktpolitikken bør sjåast i nær samanheng. Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar har i eit felles forventingsbrev av 15.03.16 uttalt at vi må få eit tungt ansvar for både utviklingsoppgåver og tenesteproduksjon innan regionreforma.
10. Regionale planstrategiar vil gje eit svært relevant fundament for meldinga, då desse både inneheld hovudutfordringar og strategiar for den enkelte region og er utforma med brei medverknad av regional stat, kommunar og lag/organisasjonar.

### Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Samandrag

Fylkeskommunen er invitert til å gje innspel til Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) sitt arbeid med ei stortingsmelding for «Bærekraftige byer og sterke distrikter». Meldinga vert lagt fram for Stortinget i 2017. KMD har utarbeidd eit diskusjonsnotat som eit grunnlag for arbeidet. Notatet er grunnlaget for saksutgreiinga. I tillegg er det teke utgangspunkt i vedteken regional planstrategi 2016-2020, andre relevante regionale planar, og arbeidet med regionreforma.

Fylkesrådmannen vil framheve det regionale nivået sine føresetnader for å både vere ein viktig aktør i byregion- og distriktpolitikken, identifisere dei regionale utfordringane og å løyse oppgåvene på eit regionalt folkevald nivå.

For å lukkast med ein heilskapleg og godt forankra by- og distriktpolitikk må ein både ha eit langsiktig politisk arbeid, styrke næringsutviklinga og vitalisere den heilskaplege samfunnsplanlegginga. Korleis dei ulike delane av samfunnet klarer å utløyse vekstkraft og berekraftig utvikling, kan best skje ved å overføre fleire oppgåver frå statleg forvaltning til folkevald nivå i fylkeskommunane og kommunane. Regelverk og system for integrering av regionale planar i statleg verksemd må utviklast i alle sektorar.

Fylkesrådmannen har utforma innspelet til stortingsmeldinga med vekt på hovudutfordringane i regionen. For å møte utfordringane treng vi felles strategiar for å styrke distrikta og småbyregionane gjennom å bygge sterkare og større bu- arbeids- og serviceområde, skape gode vilkår for berekraftig vekst i næringslivet, skape betre rammevilkår for lokal samfunns- og næringsutvikling i mindre sentrale strom, og å utvikle trygge lokalsamfunn med gode og tilpassa tenester til innbyggjarane. Verkemidla må vere målretta og forankra på regionalt folkevald nivå for å utløyse distrikta og regionane sitt potensiale for berekraftig vekst.

### 2. Bakgrunn for saka

#### Grunnen for at saka er fremja

Kommunal og moderniseringsdepartementet arbeider med ei stortingsmelding for «Bærekraftige byer og sterke distrikter». Meldinga vert lagt fram for stortinget i 2017. KMD har utarbeidd eit diskusjonsnotat som eit grunnlag, slik at alle kan kome med innspel. Notatet er grunnlaget for saksutgreiinga, i tillegg til vedteken regional planstrategi 2016-2020 og arbeidet med regionreforma. Det er laga ei eiga nettside [www.byeroqdistrikter.no](http://www.byeroqdistrikter.no) der alle innspel ligg.

#### Sentrale problemstillingar

Frå KMD er det peika på 4 hovudtema, der 3 er relevante for Sogn og Fjordane fylkes-kommune å uttale seg om.

- Vekstkraftige bu- og arbeidsmarknader i heile landet
- Distriktpolitikk med nye føresetnader
- Samordna løysingar og attraktive bymiljø
- (Utfordringar for hovudstadsregionen)

Regional planstrategi 2016-2020 vart vedteken 14.juni 2016 i Fylkestinget og er sendt KMD. Arbeidet med regional planstrategi er gjennomført med svært brei medverknad og omfattande prosessar med kommunane, regional stat, regionale institusjonar og lag og organisasjonar.

Samstundes pågår arbeidet med regionreforma, der Vestlandsregionen forhandlar hausten 2016. Det er gitt konkrete innspel til departementet i denne prosessen.

Fylkesrådmannen vurderer det slik at desse sakene må sjåast i samanheng, og dei gir relevante innspel i høve det som er regionalt forankra innan dei tema som KMD peikar på.

### 3. Vurderingar

## Det regionale perspektivet

Fylkesrådmannen meiner KMD har lagt til rette for ein god prosess i utforminga av meldinga. Regionale planstrategiar gjev eit svært relevant fundament for innspela til meldinga. KMD må kunne samanfatte og legge til grunn alle dei regionale planstrategiane i meldinga.

Også forventingsbrevet frå vestlandfylka av 15. mars 2016 i regionreforma og relevante regionale planar gjev oss eit godt grunnlag for å gje innspel til meldinga. Fylkesrådmannen vil framheve det regionale nivået sine føresetnader for å både vere ein viktig aktør i byregion- og distriktpolitikken, identifisere dei regionale utfordringane og å løyse oppgåvene på eit regionalt folkevald nivå. Vestlandfylka ber om å få tilført oppgåver innan desse områda:

- Statens vegvesen sitt regionapparat, med tilhøyrande fylkesfunksjonar
- Kulturrådet og tildelingar til regionale formål frå Kulturdepartementet
- Kjøp av regionale jernbanetenester
- Delar av Norges forskingsråd sine programområde
- Konesjons- og rettleiingsoppgåver frå NVE og anna regional naturressursforvaltning
- Dei delane av BUF-etat som ikkje kan leggjast til kommunane
- Regionale miljøvern- og landbruksforvaltningsoppgåver som ikkje inneber kontroll og tilsyn
- Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) sine regionale funksjonar
- I tillegg bør dei statlege høgskulane vurderast overført til regionane
- Ansvar, eigarskap og finansiering for heile/delar av spesialisthelsetenestene bør greiast ut.
- Regjeringa bør leggje opp til at regional statsforvaltning i større grad organiserer si verksemd slik at ho korresponderer med den folkevalde regionstrukturen.

Fylkesrådmannen vil peike på at for å lukkast med ein heilskapleg og godt forankra by- og distriktpolitikk må ein både ha eit langsiktig politisk arbeid, styrke næringsutviklinga og å vitalisere den heilskaplege samfunnsplanlegginga.

I Regional planstrategi 2016-2020, (RPS) sak 23/16 i fylkestinget er det vedteke strategiar knytt til fem hovudutfordringar:

- Globalisering og sentralisering
- Migrasjon og inkludering
- Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad
- Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet
- Klimaendringane.

Strategiane gjev oss ei retning vidare i planarbeid, samarbeidet med regional stat, kommunar og lag/organisasjonar. Målsetjingar og ynskte effektar spenner over heile spekteret for heilskapleg, politisk styrt, samfunnsutvikling. Fleire tema har overlapping til diskusjonsnotatet til KMD. Under innspel til dei ulike tema vil planstrategien nyttast, også fordi denne er breitt forankra gjennom planprosessen.

Dei tre vestlandfylka har uttrykt eit klårt ynskje om at fylkeskommunen får eit større ansvar for både tenesteproduksjon og samfunnsutvikling. Fylka har peika på oppgåver som bør leggjast til regionalt folkevald nivå (jf. framlegg til vedtak pkt. 2). Rolla som tenesteproducent styrkar samfunnsutviklarrolla og desse to må difor sjåast i samanheng.

Fylkesrådmannen legg vekt på at regionale planstrategiar og regional planlegging er utforma med brei og demokratisk medverknad, også frå kommunane. Desse bør i større grad nyttast i den nasjonale politikktutforminga, som ein vekselverknad av at dei nasjonale forventingane til regional og kommunal planlegging er konkrete innspel til kommune- og fylkesnivået. Samstundes bør vi utvikle betre dialog med forvaltningsnivå i alle regionale planprosessar, slik som diskusjonsnotatet legg opp til, noko som vil styrke den regionale samfunnsutviklarrolla monaleg.

For å gjennomføre omforeinte planar, på ulike forvaltningsnivå, må det knytast opp verkemiddel. Framlegget om utviklingsavtalar mellom stat, fylkeskommune og kommune kan verte eit hjelpemiddel, men gjennomføring bør vere tilstrekkeleg forankra ved at dei regionale planane har gått gjennom breie og omfattande medverknadsprosessar. Vi legg i det vidare til grunn at regional



stat skal kunne etterleve målsetjingane i strategiane og planane. Som Hordaland fylkeskommune nemner i si uttale, kan ein kombinasjon av auka rammer generelt, supplert med rammer knytt til vedtekte planar spesielt, vere ein ny modell for samhandling mellom stat og kommune. Når vi skal løyse våre utfordringar skaper dagens ordningar med snevre satsingsområde og spissa tilskotsordningar frå nasjonalt nivå eit avgrensa handlingsrom.

## Hovudutfordringar i by- og distriktspolitikken

- Fylket har serlege utfordringar i det å bygge sterke distrikt. Meldinga må bygge opp under;
  - Bygge sterkare og meir attraktive bu-, arbeids- og serviceområde som skal motverke ei nasjonal sentralisering
  - Skape gode vilkår for berekraftig vekst i næringslivet
  - Skape betre rammevilkåra for lokal samfunns- og næringsutvikling i mindre sentrale strøk
  - Utvikle trygge lokalsamfunn med gode tenester til innbyggjarane. Verkemidla må vere målretta for å utløyse distrikta og regionane sitt potensiale for berekraftig vekst.
- Investeringar, drift og vedlikehald av all infrastruktur knytt til veg, bane, båt og breiband/fiber/radio er nøkkelfaktorar for regionforstørring og styrking av bu-, arbeids- og serviceområde (BAS). I tillegg er effektive flyruter mot Oslo og Bergen ein viktig premis for næringslivet i fylket.
- Verdiskapingspotensialet og berekraftig vekst i ulike næringar må utviklast ved tilrettelegging frå det offentlege, styring gjennom rammevilkår og tilpassa skatte- og avgiftspolitik. I tillegg verkar heilskapleg samfunnsplanlegging inn på moglegeheitene til næringslivet. Arbeidsmarknads-, kunnskaps- og næringsregionane må bli større gjennom meir effektiv infrastruktur.
- Vi må få ei omstilling til fossilfri økonomi. Vi ser at både konsekvensane av klimaendringane og arbeide med å redusere sårbarheita, krev meir heilskapleg planlegging. Utsleppsreduksjon og behov for klimatilpassing bør inkluderast sterkare i alt planarbeid.
- Eit fleirkulturelt samfunn har utfordringar med inkludering og deltaking på alle nivå. Kommunane, NAV, lokalt næringsliv og frivillig sektor er dei som står nærast dei konkrete utfordringane som for innvandrare handlar om språkopplæring og deltaking i samfunns- og arbeidslivet. Forvaltningsnivåa må arbeide meir målretta og samordna viss inkluderinga skal verte vellukka.
- Det er kvinneunderskot i distrikta. Offentleg og privat sektor må setje i verk tiltak for å auke distrikta sin attraktivitet generelt og for den store gruppa med utdanna kvinner som er i arbeidsmarknaden.
- Samspelet mellom utdanningsfeltet og samfunnet må utviklast slik at det er godt samsvar mellom behov og studieplassar. Finansiering og styring av høgskular og universitet må bidra til å utvikla betre kopling mellom utdanning og regionalt arbeidsliv. Sogn og Fjordane er eit pilotfylke for betre kunnskapsgrunnlag og vil gjennom regional plan for kompetanse og arbeidskraft, førebu moglege tiltak for å styrke samhandlinga regionalt.
- Den statlege lokaliseringspolitikken må nyttast som distriktspolitisk verkemiddel. I eit distriktspolitisk perspektiv må veksten fordelast betre enn i dag og vi foreslår ei lokal og regional sentralisering for å motverke den nasjonale sentraliseringa, også slik at ein utløyser distrikta sitt potensiale for kunnskaps- og kompetanseutvikling på viktige nasjonale område.

## Innspel til tema og spørsmål frå KMD

Med utgangspunkt i RPS og andre relevante planar svarar vi på dei mest relevante spørsmåla som KMD har stilt i diskusjonsnotatet.

### Tema 1 Vekstkraftige bu- og arbeidsmarknader i heile landet

**Korleis kan stat, kommunar og fylkeskommunar legge til rette for eit konkurransedyktig næringsliv og tilgang på kompetent arbeidskraft i lokale arbeidsmarknader med ulike utfordringar?**

#### *Hovudstrategiar for fylket i vekstkraftige bu og arbeidsmarknader*

Lokalt eigarskap må styrkast og forvaltninga må nytte meir systematisk ringverknadane frå dei sterke primær- og sekundærnæringsane i regionen, for å skape grunnlag for dei ekspansive tenesteytande og kreative næringsane. Bedriftsleiarar, offentleg forvaltning og forskings- og utdanningsmiljøet må verte meir synlege for kvarandre og samarbeide om utviklingsprosjekt.

### Eit kunnskapsbasert samfunn

Vi ynskjer eit kunnskapsbasert næringsmiljø med høg innovasjonsgrad og tiltrekkingskraft på spesialisert kompetanse der arbeidsmarknads-, kunnskaps- og næringsregionane må bli større gjennom meir effektiv infrastruktur. Regionane bør prioritere verkemidla mot eit avgrensa sett av næringar/ kompetanseområde der den enkelte har føresetnader for å lukkast i nasjonal og internasjonal konkurranse. For å kompensere for få innbyggjarar i distrikta, bør vi legge vekt på gode samhandlingsprosessar (inkl. digital samhandling).

### Utdanning, forskning og kompetansestrategiar

Samspelet mellom utdanningsfeltet og samfunnet må utviklast slik at det er godt samsvar mellom behov og studieplassar. Finansiering og styring av høgskular og universitet må bidra til å utvikla betre kopling mellom utdanning og regionalt arbeidsliv. Sogn og Fjordane er eit pilotfylke for betre kunnskapsgrunnlag og vil gjennom regionale strategiar for kompetanse og arbeidskraft, sette i gang tiltak for å styrke samhandlinga regionalt.

Gjennom kunnskapsgrunnlaget til regional planstrategi vart det avdekket ei utfordring når det gjeld kjønnsbalanse. Vi har eit gjennomgåande kvinneunderskot og dels mangel på mangfald i arbeidsplassar og underrepresentasjon av kvinner i viktige funksjonar i samfunnet. Regionane må betre sin attraktivitet for alle, både innan arbeidsliv og utdanning. Dette handlar om å skape eit større mangfald av arbeidsplassar. Offentleg og privat sektor må setje i verk tiltak for å auke fylket sin attraktivitet for den store gruppa med utdanna kvinner som er i arbeidsmarknaden.

Universitet og høgskular spelar ei nøkkelrolle i å få fram kunnskapen og kandidatane som skal til for å møte store utfordringar framover. Utdanningsinstitusjonane og forskingsmiljøa er viktige for den regionale næringsutviklinga i kraft av rolle som leverandør av kompetent arbeidskraft til privat og offentlig sektor, produsent av grunnleggande og avgjerdsrelevant kunnskap og som aktiv deltakar i det partnerskapsbaserte regionale utviklingsarbeidet.

### Kva kan gjerast for at bustadmarknaden skal fungera betre i byane og distrikta?

#### Framlegg til strategiar – Eksempel frå Sogn


Sogn Regionråd arbeider aktivt med bustadstrategiar og fylkeskommunen har følgd dette arbeidet. Fylkesrådmannen meiner at bustadstrategiar for Sogn kan «oppskaleras» til å gjelde heile fylket og andre område med småbyregionar som har eit grigrent omland. Modellen for korleis vi har sett på kommunane er slik (Rapport frå Norconsult, 2016, v/Arne Kringlen til Sogn Regionråd):

«Med bruk av dei fem kriteria folketalsutvikling, sentralitet, næringsstruktur, bustadbygging og integrasjon kan vi identifisere ei tredeling av kommunane i Sogn med omsyn til fellestrekk og særtrekk.» Figur 1

Sogn Regionråd handsamar saka no i september, og peikar på følgjande strategiar:

- Aktivisere kommunane si bustadpolitiske rolle
- Auke variasjonen i bustadtilfanget
- Auke kompetansen om bustadmarknaden og verkemiddel i bustadforsyninga
- Meir målretta arealplanlegging koordinert med bygging av kommunal infrastruktur
- Meir samordna informasjon om Sogn som felles bustadarena.

Fylkeskommunen meiner at politisk forankring og prioritering av ressursar til gjennomføring av strategiane er avgjerande for å lukkast. Strategi-områda som er gjengitt her samsvarar også godt med suksesskriterium som er trekt fram i Husbanken si [evaluering](#) av satsinga «Boli-etablering i distriktene».



Figur 1: Ei tredeling av kommunane i Sogn. Bustadmarknaden i Sogn. IDEAS2EVIDENCE.

## Tema 2 Distriktpolitikk under nye føresetnader

### Korleis styrke lokal verdiskaping?

#### *Ressursane i regionen – kva er strategiane?*

- Nyskaping basert på dei naturgjevne fortrinna vi har.
- Å vere attraktive for folk som vil skape arbeidsplassar.
- Ta i bruk kunnskapen hjå folk. Kunnskap er den viktigaste drivaren for større verdiskaping, auka sysselsetting og styrka folketalsvekst i Sogn og Fjordane.
- Ny kunnskap får vi tilgang til gjennom forskning, utdanning, rekruttering og ved å samarbeide både nasjonalt og internasjonalt.
- Attraktive lokalsamfunn og godt fungerande bu-, arbeids- og sørvisområde er ein føresetnad for å rekruttere og halde på flinke folk.

### Korleis kan distriktskommunane sitt arbeid med lokal samfunnsutvikling, inkludert inkludering av arbeidsinnvandrarar, næringsutvikling og berekraftig ressursutnytting styrkast?

#### *Paradokset med lokal sentralisering som motverkar nasjonal sentralisering*

Vår region si hovudutfordring er svak folketalsauke. Politikk som aukar velstands nivået i ein region, til dømes gjennom regionforstørring og betre samspel mellom by og omland, vil vere viktig i regionar med svak folketalsutvikling. Paradokset for grisgrente strøk er at mykje tyder på at lokal sentralisering er det beste våpenet mot sentralisering, ved at ein styrkar BAS-områda og koplinga mellom desse. Forsking viser at det er samanheng mellom vegutbygging og økonomisk vekst. Infrastrukturinvesteringar med forkorta reistid eller meir effektiv samhandling digitalt gir i regionforstørring som igjen kastar av seg i form av fleire arbeidsplassar og høgare verdiskaping per innbyggjar. Fylkesrådmannen meiner difor at samordna areal- bustad og transportplanlegging må styrkast på kommunalt nivå.

#### *Skape utviklingsrammer for heile regionen*

Styrking av BAS-områda fører med seg at ressursane vert ført over til der det bur mest folk. Vi klarer ikkje å skape like stor vekst og like rammevilkår i heile fylket. Likevel ser vi døme på at ein i mindre sentrale strøk trass dette skapar vekst og utvikling. Ved nærare undersøking av slike døme viser det seg at slike bygder er prega av eldsjeler som tar grep.

Offentlege styresmakter må styre energien og marknadskreftene som allereie er til stades i sentrale strok, for å sikre felles verdiar og kraftsamling kring utvikling. Offentlege styresmakter må også la eldsjeler og eldmiljø få friare spelerom i dei mindre sentrale stroka og ikkje å gå i vegen for positiv energi og utviklingskraft.

#### *Strategiar for migrasjon og integrering*

Eit fleirkulturelt samfunn har utfordringar med inkludering og deltaking på alle nivå i samfunnet. Kommunane, NAV, lokalt næringsliv og frivillig sektor er dei som står nærast dei konkrete utfordringane. For arbeidsinnvandrarar handlar det mest om inkludering i samfunnslivet og språkopplæring. For flyktingar handlar det både om språkopplæring, inkludering i arbeidslivet og i samfunnslivet. Alle utfordringsbilete peikar mot at språkopplæring er alfa og omega. Felles for både arbeidsinnvandrarane og flyktingane er at dei treng eit høveleg bustadtilbod, og dei må oppleve å vere ein del av samfunnslivet på staden dei bur. Kultur- og fritidstilbod som legg til rette for gode møteplassar vil vere viktige bidrag. Dette gjeld også generelt for alle tilflyttarar til fylket.

#### *Strategiar for klimaomstilling og bærekraft*

Vi må arbeide med å få til ei omstilling til fossilfri økonomi på lang sikt og kva tiltak som kan verke på kort sikt. For å redusere sårbarheita for eit endra klima er det viktig å vurdere korleis ein kan få ei berekraftig senterstrukturplanlegging, både regionalt og lokalt. Klimatilpassing av samfunnet vert viktig for å redusere eller unngå negative konsekvensar av klimaendringane, men også å dra nytte av eventuelle fordelar. Fylkesrådmannen ser at konsekvensane av klimaendringane krev ei heilskapleg planlegging, og utsleppsreduksjon og behov klimatilpassing bør inkluderast i arbeidet med kommunale og fylkeskommunale planar og strategiar. Det må setjast i verk tiltak for å redusere utslepp frå transportsektoren.

## **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at fylkeskommunen uttaler seg til denne komande stortingsmeldinga om «Berekraftige byar og sterke distrikter», med å framheve dei regionale utfordringane som vi står framfor og legge føringar for strategiar. Regionale planstrategiar frå alle fylka, og arbeidet

med regionreforma vil kunne gje departementet eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med stortingsmeldinga. Sjølv om ikkje fylkeskommunen i dette innspølet svarar på alle spørsmåla som KMD stiller i sitt diskusjonsnotat, meiner fylkesrådmannen at tilrådinga dekkjer hovudbildet og framlegg til strategiar for våre regionale utfordringar. Det vert lagt til grunn at utfordringane og behov for tilsvarande strategiar gjeld andre regionar med tilsvarande struktur og storleik som fylket vårt.